



Ryfylke vassområde

Norges Vassdrags- Og
Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 21.03.2025
Arkivkode: K2-S19
Dykkar ref.
Vår ref. 22/86-31
25/5238
Jarle Lunde

UTTALE TIL SØKNAD OM KONSESJON FOR TOU MØLLE KRAFTVERK I TAUVASSDRAGET, STRAND KOMMUNE (SAKSNR. 202421905)

Viser til høringsbrev frå NVE datert 19.02.2025.

Saka blei behandla i Ryfylke vassområdeutval 13.03.2025 der følgjande blei vedtatt i sak 007/25:

Ryfylke vassområdeutval uttaler seg i lys av vassmiljø og vassforvaltning.

Det er svært positivt at Tou kraftverk er kalla inn til konsesjonsbehandling, og at ein dermed kan finne gode løysingar for å betre økologisk tilstand i Tauvassdraget, inkludert forholda for laksefisk, ål og elvemusling.

1. Vassområdeutvalet meiner at utbyggingsalternativ 2 er eit betre prosjekt enn alternativ 1. Sistnemnde er ei dårlegare løysing i forhold til vassføring i Tauåna og dermed fiskeproduksjon. Alternativet er og ei ulempe i forhold elvemusling, ørekyt, fiske, badevasskvalitet og potensiell eutrofi i Krossvatnet. Den auka energiproduksjonen i kan ikkje forsvare dei negative konsekvensane.

2. Minstevassføringa som er lagt til grunn i alternativ 2 er for liten og vil føre til at store delar av Tauåna vil bli tørrlagt og dermed ikkje vil bli eit oppvekst og leveområde for fisk, elvemusling og anna liv. Vassføringa må aukast for å få eit stort vassdekt areal. Det vil her vere føremålstenleg å innhenta meir kunnskap om dette gjennom metoden miljødesign.

Suldal kommune har sekretariat for Ryfylke Vassområde

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 404 18 967
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no
Nettside: www.vannportalen.no/ryfylke
www.suldal.kommune.no



3. Tou kraftverk gir lite kraftproduksjon i forhold til naturinngrepa. Konsekvensane i vassdraget er betydelege og liknar i så måte ikkje på moderne kraftverk av same produksjonsstorleik. Vassområdeutvalet meiner at ei restaurering av vassdraget til ei meir naturlik tilstand utan kraftproduksjon vil vere det beste for vassmiljøet. For vassmiljøet er det ingen ulempe med dette alternativet anna enn at ein da ikkje lenger har ein konsesjonær som kan bygge ei laksetrapp nedstrøms Krossvatnet. Utan ein kraftstasjon å ta omsyn til kan ei vandringsløysing leggast i det sørlege utløpet av Krossvatnet. Dette gir fisk lettare åtkomst, er teknisk enklare, og sannsynlegvis rimelegare.

4. Vassområdeutvalet forventar at ei konsesjonsbehandling vurderer alle sider av reguleringa. I søknad er fordelar og ulemper med dagens regulering og manøvreringsreglement for magasina knapt belyst.

Saksframlegg med vedtak er vedlagt.

Med helsing

Jarle Lunde
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Kopi til:

| | | | |
|-----------------------------|----------------------|------|------------|
| Hjelmeland Kommune | Vågavegen 116 | 4130 | Hjelmeland |
| Rogaland Fylkeskommune | Postboks 130 Sentrum | 4001 | Stavanger |
| Statsforvaltaren I Rogaland | Postboks 59 Sentrum | 4001 | Stavanger |
| Strand Kommune | Postboks 115 | 4126 | Jørpeland |